



Øya Selja ved Stad har vore mål for pilegrimar frå den første kristne tida i Noreg. Legenda om Sta. Sunniva er knytt til denne staden. Selja var det første bispesetet for Vestlandet, med munkekloster frå før 1100. Seljumannamessedagen 8. juli er ein merkedag i kyrkjeåret. Den søndagen som kjem nærast blir det kvart år skipa til eit stort stemne med gudsteneste i klosterruinane.

Tradisjonen med pilegrimsvandring er fornya i vår tid. Med dette innbyr vi til pilegrimsvandring mot Selja og Seljumannamesse i klosterruinane til Selje 1.- 4. juli.

*Sunnivahola– "det eldste kirketak i Norge"* (S. Undset)



Seljumannamesse er skipa til i samarbeid mellom Nordfjord prostiråd, Selje sokneråd og Vanylven sokneråd. Seljumannamessekomitéen har det praktiske tilskiparansvaret.

Meir informasjon får du hos

\* Holmely retreatsenter, 6711 Bryggja  
tlf. 92209355/ e-post: [holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no)

\* Selje kyrkjekontor: tlf. 57858548

\* Turistinformasjon Selje (Inger-Marie Aarsheim)  
tlf. 57856606 / e-post: [sunniva1@start.no](mailto:sunniva1@start.no)

\* Sokneprest Kari Leine Balog: tlf. 95056253

\* Seniorprest Sigurd Vengen: tlf. 48096093

Heimeside: [www.seljumannamesse.no](http://www.seljumannamesse.no)

*Velkommen til Selja  
- der kyrkja i Noreg vart fødd -*



"St. Sunniva" Kjell Stig Amdam 2009

## *Seljumannamesse 2010*

1. – 4. juli : Innleiande *pilegrimsvandring* mot Selja  
3. juli kl. 18.00 og 20.00:

*Konsert med Sølvguttene* i Selje kyrkje

4. juli kl. 11.00: *Seljumannamesse* i Selje kloster.

Biskop em. Ole D. Hagesæther predikant.

Prestar frå Nordfjord og Vanylven. Sølvguttene

## PROGRAM



Torsdag 01.07.10: Vi vitjar Svanøy og Kinn Høve til overnatting på Holmely frå onsdag til torsdag. 07.45: Bilreise Holmely – Stavang (privatbil), og båtreise til Svanøy. Ca. kl.10.30 Besøk ved steinkrossen på Svanøy. Ca. kl. 12.30: Besøk på Kinn og Kinnakyrkja (vandring på Kinn ca. 20 min). Orientering og pilegrimsstasjon. Matpause (niste). 14.30: Retur frå Kinn og til Holmely ca. kl. 18.00. 18.30: Middag på Holmely 21.00: Kveldssamling

Fredag 02.07.10: Vandring til Selje 09.00: Avreise frå Holmely. Kort biltur til Rimstadalen. Vi går den gamle ferdavegen over Berstadeidet til Moldefjorden. Stasjonar med ettertanke, song og bøn. 19.00: Middag på Holmely.



Laurdag 03.07.10 Vandring på Selja 0745 Frukost med niste. Morgonbøn. 08.30: Avreise frå Holmely til Selje 09.30: Vandring frå Bø til klosteret via sørsida, og vandring i klosteranlegget. Stasjonar med

ettertanke, song og bøn. Kort pilegrimsmesse i Sunnivahola. Matpause. Retur til Selje. 15.00: Vi vitjar Galleri Amdam. 17.00: Middag på Selje Hotel (ikkje inkl. i prisen; Retur til Holmely etter konserten)



Laurdag 03.07.10 kl. 18.00 og 20.00:  
Konsert i Selje kyrkje

**Sølvguttene - NRKs guttekor**

Billett kr. 200 (barn kr.100) ved inngangen eller førehandssal:  
Coop Prix Selje eller på e-post: [selje@prix.coop.no](mailto:selje@prix.coop.no)

Søndag 04. 07.10

0700 Frukost med niste.0745 Avreise Holmely (bil). 0845 Båt frå Selje til Bø på Selja. Vandring mot klosteret.

Båt-transport fram til ca. kl.10.30.

11.00 Seljumannamesse i klosterruinane Nattverd. Takkoffer. Predikant: Biskop em. Ole D. Hagesæther. Prestar frå Nordfjord og Vanylven. Sølvguttene. Etter messa: Båt frå Bø til Selje.



### Praktisk informasjon

Pilegrimsvandringa er skipa til i samarbeid med Holmely retreatsenter på Bryggja. Pris for dobbeltrom på Holmely torsdag – søndag: kr. 2200 (fredag-søndag kr.1400) i tillegg til påmeldingsgebyr kr 200. Enkeltrom kr. 50,- pr døgn i tillegg. Det er høve til overnatting på Holmely frå onsdag til torsdag: pris kr. 550 inkl. kveldsmat, frukost og niste. Prisen inkluderer båt til og frå Selja, og programhefte, medan middag laurdag i Selje ikkje er inkludert. Det er ikkje mat eller drikke å få kjøpt ute på Selja, men ein lagar niste og tek med frå Holmely. Pris for deltaking på deler av opphaldet kan avtalast direkte med Holmely. Pilegrimsvandringa blir leia av seniorprest Sigurd Vengen.

Turutstyr: Fjellsko eller støvlar, tur- og regnkledde, dagstursekk, termos og sitte-underlag. Middels krevande terreng.

Reise går med eigne privat-bilar. Ved påmeldinga oppgir ein om ein disponerer bil. Høver det best kan ein køyre direkte til Stavang og vere der kl. 10.00. Samordning av transport etter avtale ved påmelding / frammøte.

Påmeldingsfrist: 18.juni 2010 til

Holmely retreatsenter, 6711 Bryggja, tlf 92209355.  
e-post: [holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no).

Påmeldingsgebyr kr 200,- til konto 3000.14.72204.